



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 20

(2000-2001)

Om endring av løyvingar mv. for 2000 på Samferdselsdepartementets område

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 17. november
2000, godkjend i statsråd same dagen.*

Kap. 1301, 1314, 1354 og 5611

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram ein del saker under programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål og 21.50 Jernbaneformål:

Proposisjonen gjeld desse sakene:

Under 21.10 *Administrasjon m.m.*:

- Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på kap. 1301, post 21 Utgreiingar vedrørande miljø, trafikktryggleik mv., med 1,9 mill. kr.

Under 21.20 *Luftfartsformål*:

- Det blir gjort framlegg om å auke kap. 1314, post 01 Driftsutgifter, med 0,9 mill. kr på grunn av auka utgifter til havariundersøkingar. Auken blir dekt ved reduksjon av kap. 1301, post 21.
- I statsrekneskapen for 1999 er det ført opp feil tal for Luftfartsverkets driftsresultat. Det blir lagt opp til at dette blir korrigert i den sentrale statsrekneskapen over konto for forskyvingar i balansen. Vidare blir det orientert om avvik innafor omløpsmidlar under Luftfartsverkets balanse.
- Det blir gjort greie for aktivering i Luftfartsverkets balanse av den statlege overtakinga av dei regionale lufthamnene.

Under 21.30 *Vegformål*:

- Departementet gjer greie for endringar i oppstarten for Østfoldpakka.
- Det blir orientert om at innføring av auka takstar etter prinsippet i Oslo-pakke 2 ikkje vil kunne skje før 1. juli 2001.

Under 21.50 *Jernbaneformål*:

- Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på kap. 1354, post 01 Driftsutgifter, med 1 mill. kr i samband med oppfølging av tilrådingar frå den regjeringsoppnemnde granskingskommisjonen etter togulykka på Rørosbanen. Auken blir dekt ved reduksjon av kap. 1301, post 21.
- Betaling av renter av lån frå NSB BA blir 12 mill. kr høgare enn tidlegare budsjettet.
- Det blir gjort greie for oppretting av ein ny post for betaling av renter av lån frå NSB Gardermobanen AS og at rentene for 2000 er rekna til 73 mill. kr.

2 Programkategori 21.10 Administrasjon m.m.

Kap. 1301 Forsking og utvikling mv.

Post 21 Utgreiingar vedrørande miljø, trafikktryggleik mv.

Det ser ut til å bli eit mindreforbruk på posten m.a. på grunn av eit lågare aktivitetsnivå enn opphavleg lagt opp til for 2000. Samferdselsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på kap. 1301, post 21, med 1,9 mill. kr frå 13,2 mill. kr til 11,3 mill. kr. Reduksjonen vil dekkje auken av løyvingane på kap. 1314, post 01 og kap. 1354, post 01, jf. omtale under kap. 1314 og kap. 1354.

3 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

Kap. 1314 Havarikommisjonen for sivil luftfart

Post 01 Driftsutgifter

Ein nærare gjennomgang av budsjettet til Havarikommisjonen for sivil luftfart viser at det er nødvendig å auke løyvinga for havariundersøkingar. Dei samla utgiftene til havariundersøkingar i 2000 er no rekna til om lag 2,4 mill. kr, mot opphavleg budsjettert 0,8 mill. kr. På grunn av forseinka innflytting i nybygg kan Havarikommisjonen omdisponere 0,7 mill. kr til havariundersøkingar innfor den vedtekne løyvinga. Det er dermed nødvendig med ei løyving på ytterlegare 0,9 mill. kr.

Samferdselsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på kap. 1314, post 01, med 0,9 mill. kr frå 9,6 mill. kr til 10,5 mill. kr. Auken blir dekt inn ved å redusere løyvinga på kap. 1301, post 21, jf. omtale under kap. 1301.

Luftfartsverket - statsrekneskapen 1999

I samband med Riksrevisjonens revisjon av statsrekneskapen for 1999 kom det m.a. fram at driftsresultatet for Luftfartsverket ført opp i St.meld. nr. 3 (1999-2000) Statsrekneskapen medrekna folketrygda for 1999, var om lag 25,4 mill. kr lågare enn rapportert i Samferdselsdepartementets forklaringar til statsrekneskapen for 1999, jf. også Dok. nr. 1 (2000-2001). Det riktige talet som er 94 mill. kr, går fram av departementets forklaringar til statsrekneskapen og er i samsvar med Stortingets vedtak, jf. St.prp. nr. 67/Innst. S. nr. 236 (1998-99). Avviket har oppstått ved eit byte på debet og kredit for posteringane som blei gjort på Luftfartsverkets kap./post/underpost 2450.24.14 og kap./post 5603.81 - Renter av mellomrekneskapen. I samsvar med rundskriv R-9/98 frå Finansdepartementet skal feilføring av beløp over 1 mill. kr leggjast fram for Stortinget. Samferdselsdepartementet ber med dette om samtykkje frå Stortinget til at den nemnde differansen blir korrigert i den sentrale statsrekneskapen over konto for forskyvingar i balansen.

Vidare er det, som omtalt i St.prp. nr. 1 (2000-2001), s. 55, avdekt feil i likvidbehaldninga i Del C i Kassarapporten - Behaldningsoppgåve pr. 31.12.99, på om lag 13,3 mill. kr. Luftfartsverket har no korrigert feilen og gjennomført tiltak for å hindre at liknande feil oppstår igjen.

I tillegg har Samferdselsdepartementet avdekt eit avvik innafor omløpsmidlar under Luftfartsverkets balanse. Dette avviket er no retta opp i Luftfartsverkets balanse pr. 31.12.1999, sjå korrigert balanse pr. 31.12.1999 etter kontantprinsippet i tabell 1.1 på neste side. Korrigeringsane verkar ikkje inn på føringane i den sentrale statsrekneskapen.

Tabell 3.1: Balanse pr. 31.12.1999 for Luftfartsverket

Eigedelar	Kroner	Gjeld og eigenkapital	Kroner

Tabell 3.1: Balanse pr. 31.12.1999 for Luftfartsverket

<i>Omløpsmidlar</i>		<i>Kortsiktig gjeld</i>	
Kassebeholdning og innskot	628 325 474	Kortsiktig gjeld	57 706 157
Kortsiktige plasseringar	-	Mellomvære med statskassen	148 116 895
Kortsiktige fordringar	1 257 592	Sum kortsiktig gjeld	205 823 052
Varelager, varer i arbeid	-		
Sum omløpsmidlar	629 583 066	<i>Langsiktig gjeld</i>	
		Statens renteberande kapital	631 048 000
<i>Anleggsmidlar</i>		Anna langsiktig gjeld	-
Langsiktige fordringar	-		
Aksjar og andelar	916 580 000	Sum langsiktig gjeld	631 048 000
Utlån og obligasjonar	2 565 835 258		
Driftsmiddel, eigedomar	7 198 511 212	<i>Eigenkapital</i>	
Sum anleggsmidlar	10 680 926 470	Reguleringsfondet	416 120 011
		Eigenkapital elles	10 057 518 473
		Sum eigenkapital	10 473 638 484
Sum eigedelar	11 310 509 536	Sum gjeld og eigenkapital	11 310 509 536

Aktivering av regionale lufthamner i Luftfartsverkets balanse

Som omtalt i St.prp. nr. 1 (2000-2001), s. 55, har Riksrevisjonen teke opp spørsmålet om aktivering av dei regionale lufthamnene i Luftfartsverkets balanse, jf. også Dok. nr. 1 (2000-2001). Samferdselsdepartementet har i denne samanhengen, m.a. ved hjelp av ein ekstern analyse frå Deloitte & Touche, vurdert nærare om og eventuelt korleis verdien av dei flyplassane som Luftfartsverket overtok frå kommunane skal visast i balansen. Deloitte & Touche har konkludert med at den rekneskapsmessige verdien kan oppretthaldast til kr 0,- i og med at Luftfartsverket ikkje har betalt vederlag for overtakinga av lufthamnene, og at nødvendig tilleggsinformasjon blir gitt i notar til Luftfartsverkets rekneskap. På grunnlag av desse vurderingane vil departementet leggje opp til at verdien av dei regionale lufthamnene framleis blir ført til kr 0,- i Luftfartsverkets balanse og at nødvendige korrigeringar blir omtalte i Luftfartsverkets rekneskap for 2000.

4 Programkategori 21.30 Vegformål

Østfoldpakka - oppføring av bomstasjonar og førebuande arbeid

Stortinget samtykte ved handsaminga av St.prp. nr. 26 (1999-2000) i å starte innkrevjing av bompengar for delvis finansiering av utbygginga av Ev 6 og Ev 18 gjennom Østfold, jf. Innst. S. nr. 111 (1999-2000). I St.prp. nr. 1 (2000-2001) er det gitt nærare omtale av oppstarten på Østfoldpakka. Det er i St.prp. nr. 1 (2000-2001) varsla at departementet ville kome tilbake til saka i ein samleproposisjon hausten 2000.

I tilknytning til Ev 6 skal det setjast opp tovegs bomstasjonar på Ev 6 ved Akershus grense og på fv 311 ved Kambo. Moss kommune har utsett slutt-handsaminga av reguleringsplanane for bomstasjonane til etter at Stortinget har handsama St. meld. nr. 46 (1999-2000) Nasjonal transportplan 2002-2011. Kommunen grunngir vedtaket med at kommunen ikkje kan vere vert for bomstasjonar utan at utbygging av jernbane og hamneveg har fått ei tilfredsstellande og bindande framdrift som Moss by kan akseptere. Det vil såleis ikkje vere mogleg å starte arbeidet på bomstasjonane i 2000, slik det er lagt opp til i St.prp. nr. 1 (2000-2001).

Ev 6 er saman med Ev 18 og jernbanen gjennom Østfold hovudårer i transportsystemet til og frå utlandet og i eit nasjonalt og regionalt perspektiv. Ei lengre utsetjing av utbygginga av Ev 6 vil vere uheldig og i strid med viktige nasjonale interesser. Samferdselsdepartementet ser det som svært viktig at det raskt blir starta innkrevjing av bompengar for delvis finansiering av utbygginga av Ev 6 gjennom Østfold, jf. også omtale i St.prp. nr. 1 (2000-2001), der det er varsla anleggsstart på strekinga Patterød-Akershus grense i januar 2001. Departementet vil derfor vurdere bruk av statleg plan for plassering av bomstasjonane knytte til Ev 6. Tidspunkt for igangsetjing av veganlegget kan bli noko utsett. Arbeidet blir starta når det ligg føre avklaring for bomstasjonane.

På Ev 18 skal det stå einvegs bomstasjonar ved kommunegrensa Askim/Eidsberg og vest for Fossum bru i Spydeberg kommune. Det ligg føre vedtekte reguleringsplanar for bomstasjonane. Det er planlagt å starte arbeidet med bomstasjonane mot slutten av 2000. Bompengeneinnkrevjing på Ev 18 vil kunne starte våren 2001. Kostnadsoverslaget for bomstasjonane er 29 mill. kr. Det er lagt til grunn at bompengeselskapet fullt ut stiller til rådvelde midlane til å føre opp bomstasjonane. Lånebehovet i 2000 er om lag 9 mill. kr.

Vidare er det planlagt å setje i gang planlegging, prosjektering og arkeologiske undersøkingar på parsellen Ev 18 Ørje-Eidsberg grense i år. Sjølve utbygginga av parsellen vil ta til i 2001. Arbeidet i 2000 er lagt til grunn utført innafor ei kostnadsramme på 3 mill. kr. Kostnadene er rekna med i prosjekt-kostnadene som er oppgitte i St.prp. nr. 1 (2000-2001). Dette arbeidet skal også finansierast med bompengelån. Lånebehovet i 2000 er om lag 3 mill. kr.

Lånebehovet i 2000 til oppføring av bomstasjonar på Ev 18 og førebuande arbeid på Ev 18 Ørje-Eidsberg grense er dermed om lag 12 mill. kr. Dette er ei endring frå St.prp. nr. 1 (2000-2001), der det totalt er lagt til grunn eit låneopptak for heile Østfoldpakka i 2000 på 50 mill. kr. Det vil derfor vere behov

for eit låneopptak til Østfoldpakka i 2001 på om lag 38 mill. kr utover det lånebehovet som er oppgitt for 2001 i St.prp. nr. 1 (2000-2001).

Delvis bompengefinansiering av forsert kollektivutbygging i Oslo og Akershus (Oslopakke 2)

Ved handsaminga av St.prp. nr. 64 (1999-2000) Om delvis bompengefinansiering av forsert kollektivutbygging i Oslo og Akershus (Oslopakke 2), jf. Innst. S. nr. 239 (1999-2000), blei det vedteke å innføre auka bompengesatsar i Oslo-området (2 kr pr. enkeltbillett). I tillegg blei det lagt til grunn auka trafikantbetaling på kollektivtrafikken (0,75 kr pr. reise).

I St.meld. nr. 46 (1999-2000) Nasjonal transportplan 2002-2011, blei det vist til at Vegdirektoratet no arbeider med den praktiske gjennomføringa av takstauken til Oslopakke 2.

I vedtaka i Akershus fylkesting 22. februar 2000 og Oslo bystyre 5. april 2000 blei det teke atterhald om revurdering av bompengesatsane sett i lys av den statlege oppfølginga. Fylkesutvalet i Akershus gjorde vedtak om saka 19. september 2000 og tilrår å inflasjonsregulere takstane pr. 1. januar 2001 utan Oslopakke 2 (dvs. påslag på 1 kr pr. enkeltbillett). Det blir vidare tilrådd å auke takstane etter prinsippet med Oslopakke 2 når Stortinget har handsama Oslopakke 2. Oslo bystyre gjorde vedtak 27. september 2000 og tilrår å inflasjonsregulere takstane pr. 1. januar 2001 utan Oslopakke 2 (dvs. påslag på 1 kr pr. enkeltbillett). Det blir vidare tilrådd å auke takstane etter prinsippet med Oslopakke 2 når Stortinget har gjort forpliktande vedtak om Oslopakke 2.

Samferdselsdepartementet forstår dette slik at lokale styremakter vil avvente Stortinget si handsaming av dei økonomiske planrammene i St.meld. nr. 46. Forpliktande vedtak blir gjort i dei årlege budsjetta. Det blir lagt opp til ei ny lokalpolitisk handsaming om innføring av auka takst etter prinsippa med Oslopakke 2, etter at Stortinget har handsama St.meld. nr. 46.

På denne bakgrunn har Vegdirektoratet opplyst at det tidlegast vil vere mogleg å innføre auka takstar etter prinsippet med Oslopakke 2 den 1. juli 2001. Takstauke for trafikantbetalinga i kollektivtrafikken vil skje frå same tidspunkt som for dei auka bompengane.

I St.prp. nr. 64 peikte Samferdselsdepartementet på at tidlegast mogleg innføring av auka bompengetakstar og auka takstar på trafikantbetaling i kollektivtrafikken vil styrke den økonomiske ramma. I St.prp. nr. 1 (2000-2001) la departementet til grunn at innkrevjing av bompengar startar i 2001, så snart avtalen med bompengeselskapet og dei praktiske forholda er i orden. Samferdselsdepartementet meiner derfor at det er uheldig at ikkje takstauken blir sett i verk før tidlegast 1. juli 2001. Dette vil svekkje inntektsgrunnlaget for Oslopakke 2. Departementet vil også understreke at det er uvanleg at dei bindande lokale vedtaka ikkje ligg føre før etter at Stortinget har handsama saka, og at dette ikkje er normal prosedyre ved bompengeprojekt.

Saka blir omtalt til orientering.

5 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

Kap. 1354 Statens jernbanetilsyn

Post 01 Driftsutgifter

Den regjeringsoppnemnde granskingskommisjonen etter togulykka på Rørosbanen 4. januar 2000 har i brev 12. september 2000 til Samferdselsdepartementet kome med tilråding om straks å setje i gang eksterne granskningar av signalanlegg NSI 63 på jernbanen utan å vente på den endelege rapporten frå kommisjonen. Bakgrunnen for dette er at det er viktig å sikre seg mot at feil som er oppdaga i signalanlegget på Rørosbanen, NSB-87, også ikkje finst i NSI 63.

Samferdselsdepartementet har bedt Statens jernbanetilsyn om å vurdere og følgje opp tilrådingane frå kommisjonen. Statens jernbanetilsyn har kome til at signalanlegget NSI 63 bør granskast og har alt starta dette arbeidet. Til dette arbeidet er tilsynet avhengig av å leige inn eksterne konsulentar. Jernbanetilsynet ønskjer m.a. å få utført ei vurdering av tidlegare utførte analysar, og eventuelt etterpå å få utført utfyllande analysar. I tillegg ønskjer tilsynet å gå inn i det statistiske materialet som ligg føre, for å finne ut kva for moglege tekniske problem signalanlegget kan ha. Jernbanetilsynet vil også følgje opp det arbeidet som Jernbaneverket gjer i samband med ein konstruksjonsgjennomgang (reengineering) av NSB-87-anlegga. Til dette trengst også ekstern ekspertise, men truleg ikkje før i 2001.

For 2000 er det rekna med at arbeidet med å følgje opp tilrådingane frå kommisjonen vil koste om lag 1 mill. kr. Samferdselsdepartementet gjer av den grunn framlegg om å auke løyvinga på kap. 1354, post 01, med 1 mill. kr frå 11,74 mill. kr til 12,74 mill. kr. Auken blir dekt inn ved å redusere løyvinga på kap. 1301, post 21, jf. omtale under kap. 1301.

Kap. 5611 Renter av lån til NSB BA med dotterselskap

Post 80 Renter av lån til NSB BA

Renteperioden for lån til NSB BA er for tida 6 månader. Siste betaling for 2000 var i august i år. Rekneskapen for 2000 viser at betaling av renter til NSB BA er over 12 mill. kr høgare enn budsjettert. Departementet gjer derfor framlegg om å auke kap. 5611, post 80 Renter av lån til NSB BA, med 12 mill. kr frå 124 mill. kr til 136 mill. kr.

Post 81 Renter av lån til NSB Gardermobanen AS

NSB Gardermobanen AS er etablert med eit statslån på 1 118 mill. kr. Lånet skal innfriast seinast 2. desember 2001, jf. St.prp. nr. 52/Innst. S. nr. 237 (1999-2000). NSB Gardermobanen AS og staten ved Samferdselsdepartementet har inngått ein avtale som gjeld frå 1. januar 2000. Renter på det statlege lånet til

NSB Gardermobanen AS skal reknast med utgangspunkt i NIBOR (interbankrenta). For 2000 er rentene rekna til 73 mill. kr. Den faktiske rentebetalinga vil vere avhengig av den generelle renteutviklinga og selskapet sitt val av renteperiode.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av løyvingar mv. for 2000 på Samferdselsdepartementets område.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring av løyvingar mv. for 2000 på Samferdselsdepartementets område i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endring av løyvingar mv. for 2000 på Samferd- selsdepartementets område

I

I statsbudsjettet for 2000 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1301		Forskning og utvikling mv.	
	21	Utgreiingar vedrørande miljø, trafikktryggleik mv., blir redusert med	1 900 000
		frå kr 13 200 000 til kr 11 300 000	
1314		Havarikommisjonen for sivil luftfart	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	900 000
		frå kr 9 600 000 til kr 10 500 000	
1354		Statens jernbanetilsyn	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	1 000 000
		frå kr 11 740 000 til kr 12 740 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
5611		Renter til lån til NSB BA med dotterselskap	
	80	Renter av lån til NSB BA, blir auka med	12 000 000
		frå kr 124 000 000 til kr 136 000 000	
	81 (ny)	Renter av lån til NSB Gardermobanen AS	73 000 000

II

Stortinget samtykkjer i at:

- Avviket i den sentrale statsrekneskapen pr. 31. desember 1999 på kap. 2450 Luftfartsverket, post 24 Driftsresultat, blir korrigert over konto for forskyvingar i balansen.
